

BESTANDSPLAN

For

Brattefjell-Vindeggen

villreinområde

PERIODEN 2019-2023



INNLEIING

Denne bestandsplanen er ei vidareføring av tidlegare driftplanar for området. Planen no avløyser planen for 2013-2018.

1.MÅLSETTING

1.1. Langsiktig målsetting:

Hovudmålet med forvaltinga av villreinen i Brattefjell-Vindeggen er framleis å sikre ei livskraftig og produktiv villreinstamme.

Delmålsettingar for å nå det langsiktige målet er

- * Ta vare på og betre området sin kvalitetar for villreinen.
- * Arbeide mot inngrep og forstyringar i området som kan redusere reproduksjonsevna og arealbruken til villreinstamma, men og slik at ei god og tilpassa stamme kan bidra til verdiskaping i bygdene omkring.
- * Sikre ei villreinstamme med sunne dyr og med ei naturleg samansetting når det gjeld kjønn og alder på dyra.
- * Sikre ei human jakt med stabil fellingsprosent over tid og minst mogeleg stress.
- * Hausting av eit biologisk overskot i villreinstamma, slik at det gjev ei god avkasting og ei rettferdig fordeling mellom grunneigarane.
- * Utnytte tildelt fellingskvote på ein best mogeleg måte.

1.2. Kortsiktig målsetting:

I bestandsplanperioden 2019-2023 er det eit klart mål å stabilisere vinterstamma til om lag 550 dyr +/- 10% avvik.

Delmålsettinga for forvaltinga er:

- Fastsette kvotar i tråd med bestandsplanen og justere planen viss det er naudsynt.
- Stå for innsamling av data om villreinstamma gjennom tellingar, kondisjonsundersøkingar og beiteovervåking.
- Rettferdig fordeling av fellingsløyver mellom jaktrettighetshavarar.
- Arbeide for betre utnytting av tildelt kvote gjennom samjaktavtaler.
- Ha eit tilfredsstillande oppsyn.
- Utarbeide ny bestandsplan i 2024.

2. INNSAMLING AV BESTANDSDATA

Overvåkinga av villreinstamma i Brattefjell-Vindeggen skjer hovedsakleg iform av tellingar med fly og har som regel gjeve gode resultat. Kalvetellingar og strukturtellingar frå bakken har vore gjort med vekslende resultat. I siste driftsplanperiode er det av ulike grunnar ikkje blitt vellukka kalve- eller strukturtellinga.

2.1. Totaltelling


Det har vore gjennomført totaltellingar på vinteren med fly sidan 1996. I 1999 vart tellinga droppa pga. økonomiske årsaker og i 2005 var forholda for vanskelege.

| | | | | | | | | | | | |
|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 1996 | 1997 | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
| 383 | 370 | 381 | - | 415 | 386 | 434 | 407 | 433 | - | 516 | 502 |

| | | | | | | | | | | | |
|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| 463 | 467 | 404 | 415 | 371 | 417 | 435 | 481 | 529 | 575 | 600 | 554 |

Tala syner ein viss variasjon i stammestorleiken. Tellinga dei siste 4 åra viser ganske jamne tal . Forholda under tellinga no i 2019 var ikkje heilt optimale og det er stor sannsynleghet for at det er fleire dyr. Ut i frå tellingane dei siste åra, tilvekst, avskyting og naturleg avgang så er det mykje truleg at vi har ei vinterstamme 600-650 dyr. På årsmøtet i 2018 var det einighet om å ha eit bestandsmål på 550 vinterdyr.

Totaltelling
1996-2019



2.2.Kalvetelling

Målet med kalvetellingane er å få eit oversyn over tilveksten i stamma. Sidan 2014 har ein ikkje fått til kalvetellingar av ulik grunnar. Siste vellukka telling er tilbake i 2014.

| 1997 | 1998 | 2000 | 2006 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|------|------|------|------|------|------|------------|------|------|------|------|------|
| 81 | 90 | 105 | 162 | 147 | 110 | Ikkje data | 112 | 130 | 117 | 127 | - |


2.3.Strukturtelling

Målet med strukturtelling er 3-delt:

- 2.3.1. Få eit estimat på kjønnsforholdet
- 2.3.2. Få eit estimat på aldersamansettinga
- 2.3.3. Få eit viktig korrektiv til totaltellinga

Tellingane utførast i brunstenperioden, da er begge kjønn samla i flokkane.

Det har vore vanskeleg å få til gode strukturtellingar og heller ikkje siste periode lukkast ein med det. Vi har strukturtellingar frå tidlegare og i forrige driftsplan var dei nøye omtale. Sidan det byrjar å bli mange år sidan tek ein berre med hovudtrekket frå då.




Tidlegare driftsplanar har gått inn for ein reduksjon av bukk. Strukturteilingane har ikkje vore like nøyaktige i dei seinare åra, så tala må ikkje tolkast som heilt sikre. Bukkeandelen har gått ned og låg på 15% i perioden 2006-2011. Sidan det ikkje har vore strukturteiling seinare veit vi ikkje heilt korleis det er no, men 15% er eit minimum ein bør ha i ei villreinstamme av vaksne bukkar.

Det er viktig å prioritere å få til gode strukturteilingar framover. Det bør vere betre sjansar dei neste 3 åra å få gjennomført både struktur- og kalvetellingar når vi no startar opp GPS-prosjektet. Villreintutvalget vil prioritere desse teilingane medan vi har prosjektet.


2.4.Kjeveinnsamling

Oppsluttinga kring kjeveinnsamlinga er varierende. Berre ca 50% av skotne kalvar vart det levert kjeve av. Nokre av kjevane mangla også data (kjønn, vekt og fellingsdato). Ein må ikkje sjå seg blind på tala, men over tid vill ein kunne sjå om det er nokre tendensar. Diagrammet under viser gjennomsnittsverdiar. Ved full oppslutting frå jegarane si side vil vi få eit mykje betre grunnlag.



3. JAKTUTTAK/JAKTSTATISTIKK

Målet med jaktstatistikken er å få eit nøyaktig oversyn over kor mange dyr som er felt kvart år, fordeling på kjønn og alder, og kor stort uttaket er i høve til utdela kvote, dvs.fellingsprosent. Stammeendring er forskjellen i dyretal frå starten av året til slutten, basera på endringane i totaltellingane frå år til år, eller rekna ut som endringar i kalvetilvekst og avskytning. Irregulær avgang er avgang i dyrestamma som ikkje skuldast ordinær jakt, men til dømes sjukdom, naturleg død, ulykker, tjuvjakt o.l. I BV har denne avgangen vore estimert til 2-3%



| År | Antal felte dyr | | | | | Sum antal | Fellings% |
|------|--------------------------|-------------|--------|------|-------|-----------|-----------|
| | Antal løyver begge kjønn | Kalv | | Bukk | Simle | | |
| | | begge kjønn | 1,5 år | | | 2 år < | |
| 1980 | 310 | 49 | 17 | 73 | 110 | 249 | 80 |
| 1981 | 324 | 67 | 20 | 59 | 107 | 253 | 78 |
| 1982 | 457 | 83 | 68 | 49 | 131 | 331 | 72 |
| 1983 | 500 | 82 | 27 | 55 | 155 | 319 | 64 |
| 1984 | 550 | 85 | 53 | 52 | 128 | 318 | 58 |
| 1985 | 499 | 74 | 61 | 44 | 114 | 293 | 59 |
| 1986 | 332 | 39 | 27 | 28 | 71 | 165 | 50 |
| 1987 | 342 | 31 | 27 | 17 | 63 | 138 | 40 |
| 1988 | 385 | 42 | 41 | 36 | 78 | 197 | 51 |
| 1989 | 390 | 48 | 42 | 30 | 71 | 191 | 49 |
| 1990 | 350 | 44 | 43 | 22 | 56 | 165 | 48 |
| 1991 | 135 | 18 | 15 | 15 | 23 | 71 | 52 |
| 1992 | 75 | 9 | 7 | 14 | 6 | 36 | 48 |
| 1993 | 66 | 8 | 3 | 4 | 6 | 21 | 32 |
| 1994 | 129 | 22 | 14 | 6 | 22 | 64 | 50 |
| 1995 | 173 | 21 | 15 | 11 | 26 | 73 | 42 |
| 1996 | 219 | 37 | | | | 112 | 51 |
| 1997 | 230 | 31 | 16 | 20 | 35 | 102 | 44 |
| 1998 | 250 | 21 | 16 | 26 | 35 | 98 | 39 |
| 1999 | 210 | 22 | 5 | 33 | 28 | 88 | 41,9 |
| 2000 | 240 | 26 | 17 | 28 | 32 | 103 | 42,9 |
| 2001 | 240 | 16 | 15 | 24 | 22 | 77 | 32 |
| 2002 | 260 | 30 | 21 | 27 | 38 | 116 | 44,6 |
| 2003 | 230 | 27 | 24 | 17 | 16 | 84 | 36,5 |
| 2004 | 250 | 25 | 19 | 25 | 33 | 102 | 41,2 |
| 2005 | 250 | 20 | 17 | 20 | 18 | 75 | 30 |
| 2006 | 280 | 30 | 22 | 32 | 27 | 111 | 42,4 |

| | | | | | | | |
|------|-----|----|----|---------|----|-----|-------|
| 2007 | 330 | 34 | 34 | 45 | 43 | 156 | 47,3 |
| 2008 | 340 | 20 | 28 | 32 | 34 | 114 | 33,5 |
| 2009 | 300 | 38 | 41 | 26 | 49 | 154 | 51,3 |
| 2010 | 235 | 32 | 25 | 28 0 | 30 | 103 | 43,82 |
| 2011 | 260 | 35 | 37 | 26 | 39 | 137 | 52,7 |
| 2012 | 125 | 11 | 12 | 6 | 21 | 50 | 40 |
| 2013 | 140 | 12 | 17 | 9 | 17 | 55 | 39,28 |
| 2014 | 130 | 11 | 15 | 10 | 15 | 51 | 39,23 |
| 2015 | 175 | 16 | | 17 | 35 | 68 | 38,9 |
| 2016 | 240 | 23 | | 14 | 46 | 83 | 34,5 |
| 2017 | 280 | 28 | 21 | 10 | 34 | 93 | 33,2 |
| 2018 | 400 | 32 | 31 | 20 | 35 | 118 | 29,5 |

Jaktstatistikk for 1980-2018.

3.1.Fellingsprosent

Fellingsprosenten har i siste periode vore 34%. Låg fellingsprosent gjennom mange år kjem av at dyra reiser ned i skogen juni/juli og kjem ikkje tilbake før i slutten av september.. Dette skapar problem for jakta og tellingar som grunnlag for skikkeleg forvaltning. Tiltak i denne samanheng i tidlegare driftsplanar har vore utviding av jakttid og tilpassing av jaktområdet. Ordinær jakttid er frå 20/8 til 30/9. I 2017 og -18 har jakta vore utvida med 14 dagar. Det har vore heilt naudsynt for å auka avskyting. Vaksne simler blir skutt på dei frie korta i slutten av jakta. Denne utviklinga vil vi følge nøye med på.

4. SIMULERING / TANKAR OM KVOTE FOR BV 2019

Ein kan laga modellar for korleis villreinstamma i eit område vil sjå ut etter ein bestemt tidsperiode. Men resultatet kan aldri bli betre enn dei tala ein legg inn som forutsetningar. Med det at resultatet er ei rettesnor for forvaltninga. Vi har ikkje sikre/gode tal for strukturen i stamma, men vinterstamma er 600-650 dyr. Skal vi halde kontroll på tilveksten og også nå målsettinga med ei vinterstamme på +/- 550 dyr, må vi halde fram med ei høge kvote

5. AVSKYTINGSPLAN

Vinterstamma 2019 er truleg på 600-650 dyr.

Ein hovudmålsetting med kvotene er at ein høster alle kjønns-og aldersgrupper i forhold til forekomst og samansetning i den levande bestan viss denne samansetninga er tilfredstillande. Dette er den einaste måten å stabilisere strukturen og uttaket på over tid.

Ein viktig målsetting er å bevare minst 15% av dei vaksne bukkane i stamma (T.Skogland 1994)

Minimumstellingane har vore og vil vere eit viktig grunnlag når kvota skal fastsettast. Likeeins vil kalvetellingane

og strukturtellingane vere viktige. Villreinutvalget vil legge auka innsats i å få til desse tellingane. Viser det seg at forutsetningar ein har lagt til grunn for kvote endrar seg så må sjølvstilt kvotestorleiken justerast. Bestandsmålet på +/- 550 dyr er det ein siktast seg inn på.

Som nemnt over så vil det vere fornuftig å ha ei høg kvote også i 2019 for å kome nærmare bestandsmålet. Det vil også vere fornuftig å ha fokus på bukkeandelen. For å vere sikker på å ha nok bukk i stamma vil eit tiltak vere å redusere antalet frie løyver. Med ei kvote på 400 dyr med ei fordeling på 40% kalv, 40% simle/ungdyr og 20% frie og ein fellingsprosent på opp mot 40% så vil ein truleg kome ganske nærme målsettinga med +/- 550 dyr som vinterstamme.

6. TILTAK I PLANPERIODEN 2019-2023

- Bruke dei virkemiddel som fins i lovverket for å taka vare på leveområda for villreinen i Brattefjell-Vindeggen.
- Grunneigarsamarbeid på tvers av kommunegrensane for å få til ei optimal forvaltning av villreinstamma.
- Informasjonstiltak og haldningskapande arbeid overfor alle som nyttar Brattefjell- Vindeggen til rekreasjonsområde. Næringsmessig utnytting av området må samordnast med villreinforvaltninga, slik at det ikkje oppstår konflikt.
- Arbeide for å samle inn vektorer av x antall dyr, er eit ynskje frå Villreinutvalet, for å få ein peikepinn på dyras kondisjon.

7. VILLREINFORVALTNING

7.1. Tellingar og jakt

- Årlege kalvetellingar
- Totaltelling i januar/februar kvart år, eller når tilhøva er optimale.
- Strukturtelling hausten 2019, 2021 og 2023. Dersom mislukka telling må ny telling gjerast påfølgjande haust.
- Forbetre kvaliteten på kjeveinnsamlinga
- Auke jegerinnsatsen på vekedagar.
- Arbeide for å ta vare på produksjonsdyra (dei største), unngå gevirseleksjon i den grad det er mulig.
- Ha som mål å få fellingsprosenten opp mot 40%
- Ha eit forsvarleg oppsyn under jakta.
- Samarbeide med SNO.

7.2. Vurdere tilsyn med området utanom jakttida, eks.i kalvingstida og på tider av året der området vert mykje nytta (påsketraffikken o.l). Informasjonsarbeid

Informere om utviklinga i villreinstamma.

Gje ut informasjonsfolder saman med jaktkorta.

Nytte heimesida og FB-sida til Brattefjell-Vindeggen.

7.3. Oppfylging og korrigering i planperioden

For å drive forvaltninga av BV er det ein føresetnad at Villreinutvalet disponerar nok ressursar.

Samarbeide med Villreinnemda og søke offentlege tilskot.

Saman med Villreinnemda korrigere bestandsplanen og tiltaka dersom dette er naudsynt.

Gjennom godkjenning og revisjon av bestandsplanen er rettighethaverane med på å styre utviklinga i forvaltninga av Brattefjell-Vindeggen.

8. FINANSIERING

For å drive forvaltning av BV-villreinområdet gjennom Villreinutvalet må vi ha desse finanskjeldene:

- Tilskot frå DN i tråd med tiltaksplanen.
- Tilskot frå FMA v/viltforvaltaren og frå innbetalingar av fellingsavgifter.
- Sporadiske kommunale tilskot til større tiltak.
- Organisasjonsavgift pr. Fellingsløyve.

Tiltak

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|-------------------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Rutinetiltak | | | | | |
| Totaltelling fly | 10000 | 10000 | 10000 | 10000 | 10000 |
| Kalvetelling | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 |
| Strukturertelling | 8000 | | 8000 | | 8000 |
| | | | | | |
| Informasjon | 11000 | 11000 | 12000 | 12000 | 12000 |
| Drift | 25000 | 25000 | 25000 | 25000 | 25000 |

Periodiske tiltak

Bestandsplan 11.000 kr.
Informasjonstiltak 8.000 kr.

Flatdal

17.03.2019

Kolbjørn

Birkrem

